

Retningslinjer for tilskotsordninga Amatørteateraktivitet i grupper

Vedtatt av Kulturdirektoratet i desember 2024. Godkjend av Kultur- og likestillingsdepartementet.

1 – Formål

Formålet med tilskotsordninga er å stimulere til frivillig aktivitet og brei deltaking innanfor teater og scenisk dans blant vaksne amatørar i heile Noreg.

2 – Kva gir vi tilskot til?

Kvar gruppe kan søke om inntil 30 000 kroner kvar runde til amatørteateraktivitet der fleirtalet av aktørane er amatørar over 18 år.

Amatørteater inkluderer her ulike performative uttrykksformer som revy, scenisk dans (til dømes hip hop, ballett eller magedans), musikkteater, impro, nysirkus og liknande. Det er også mogleg å søke om støtte til rollespel/laiv. Aktørar kan *ikkje* få støtte til kor, konserter og sosial dans (til dømes pardans eller leikarring) gjennom denne ordninga.

Aktiviteten skal som hovudregel ha oppstart etter at søknaden sendast inn. Pengane skal som hovudregel vere nytta innan eitt år etter at kontrakten for tilskotet er sendt ut.

Typiske eksempel på kva du kan søke om tilskot til, er husleige, scenografi, honorar til ekstern fagperson, leige av teknikk og teknikar, deltaking på eksternt kurs for gruppas medlemmar, med meir.

Dette kan du *ikkje* bruke tilskotet til:

- honorar/løn til gruppas medlemmar og personar som er fast tilknytte organisasjonen, eller nære familiemedlemmar av deltakarar i gruppa/organisasjonen. Dette gjeld også personlege godtgjeringar i form av for eksempel diettpengar eller gåver
- utgifter som ikkje er direkte knytte til aktiviteten (for eksempel festar eller sosiale utfukter)
- kjøp av teknisk utstyr
- dekking av underskot
- aktivitetar utanfor Noreg
- aktivitetar i regi av ei statleg eller (fylkes)kommunal verksemد
- aktivitetar som inngår i studie- og undervisningstiltak ved utdanningsinstitusjonar
- utgifter som fell utanfor formålet til tilskotsordninga

3 – Kven kan søke?

Aktørar som driv med frivillig amatørteateraktivitet i grupper kan søke. Både privatpersonar og organisasjonar som verker innanfor det frivillige amatørteaterfeltet kan søke.
Søkar/kontaktperson må sjølv vere ein del av gruppa.

Frivillig aktivitet vil her seie at dei som deltek ikkje får betalt. Gruppa kan likevel ha profesjonelle scenekunstnarar, så lenge fleirtalet (meir enn 50 prosent) av deltakarane er amatørar over 18 år. Gruppa må bestå av minst tre personar.

Aktørar som er sentralleddet i ein organisasjon med lokallag (for eksempel Noregs ungdomslag) kan *ikkje* søke. Lokallaget kan søke. Statlege, fylkeskommunale og kommunale einingar kan *ikkje* søke.

4 – Krav til søknaden

Søknaden, inkludert eventuelle vedlegg, skal sendast inn til Kulturdirektoratet innan søknadsfristen har gått ut.

Bruk det elektroniske søknadsskjemaet i søknadsportalen til Kulturdirektoratet.

Dette må du ha med i søknaden:

- Namn/skildring av gruppa og kva type aktivitet de vanlegvis har
- Tal på medverkande (inkludert tal på personar over og under 18 år og tal på profesjonelle)
- Ei skildring av aktiviteten de søker tilskot til
- Ved deltaking på eksternt kurs: Namn på kurs og kurshaldar
- Ved honorar til ekstern fagperson: Namn på aktør og funksjon

5 – Slik vert søknaden behandla

Søknaden vert behandla av saksbehandlarar i Kulturdirektoratet. Direktøren fattar vedtak.

Amatørteateraktivitet i grupper er ei rammestyrt ordning. Tilskotsramma er avhengig av fordelinga av spelemiddel til amatørteatertiltak.

I denne ordninga vil alle søknadar som oppfyller krava føre til tilskot. I tilfelle der den samla søknadssummen er større enn tilskotsramma, vil Kulturdirektoratet justere ned alle tilskota med lik prosentsats.

Mangelfulle søknadar kan få avslag. Søkars historikk, med tanke på dårlig gjennomføringsevne eller manglande rapportering for tidlegare tilskot, kan føre til at søknaden får avslag.